



Io Marin Enk v/Konrad Io
Øvrebøen 13
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1675 - 19/2693

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
08.02.2019

Trong for tilleggsopplysningar - GBNR 45/140 - Klage på rammeløyve - Vikebø

Viser til gitt rammeløyve i saka, med påfølgjande klagar, og seinast synfaring på eigedomen den 29.1.2019, kl 13:00.

I denne saka går hevdar klagarane blant anna at det omsøkte tiltaket krenkar deira eigedomsgrenser ut i sjøen.

Basert på tidlegare oppmåling av eigedomane, finn ikkje kommunen det tvilsamt kva retning eigedomsgrensene går ut i sjøen. Dette inneber at tiltakshavar sine eigedomsgrenser ligg innanfor det skraverte området, som vist på kartet under.



Kor langt ut i sjøen eigedomsgrensene går, er likevel ikkje klarlagt. Det er sikker rett at eigedomsgrenser ut i sjøen går til marbakke (der botn skrår bratt nedover med ei helling på om lag 1:5) eller ved 2 meters djupne (målt ved middels låg vasstand).

Kommunen kan ikkje sjå at vi har grunnlag for å handsame klage på rammeløyve før eigedomsgrensene ut i sjøen er klarlagde. Vi viser i den samanheng til at kommunen har plikt til å «foreta de undersøkelser klagen gir grunn til», jf. forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd.

Den 18.10.2018 sendte kommunen førespurnad til tiltakshavar, der vi etterspurte følgjande opplysningar:

- Tiltakshavars kommentar til opplysningane frå BOH om at tiltaket vil gå ut over egne eigedomsgrensar.
- Situasjonsskart i målestokk 1:500 som viser forankring av tiltaket og avstand til nabogrensar.
- Andre opplysningar, erklæringar, avtalar eller dokument som kan opplyse saka i høve til dei privatrettslege tema som er reist.

Tiltakshavar svarte kommunen i e-post den 20.11.2018. Han viser til at eigedomsretten til gbnr. 45/25 og 45/21, 33 ikkje vert krenka, då flytebryggene og forankring vert liggande utanfor deira råderett, på meir enn 2 meters djup. I tillegg vert det 10 meters avstand frå flytebrygga til gbnr. 45/25. Tilfott vert dermed ikkje hindra.

På bakgrunn av dette gav kommunen rammeløyve på vilkår den 28.11.2018, saksnr. 280/2018.

Ettersom det ikkje er avklart kor langt ut i sjøen eigedomsgrensene går, kan ikkje kommunen sjå at saka har vore godt nok opplyst før vedtak vart fatta i saka, jf. fvl § 17 første ledd.

Før vi kan handsame klage på rammeløyve til utlegging av flytebrygge må grensene ut i sjøen avklarast. Marbakke eller 2 meters djupne målt ved middels låg vasstand må visast på kart både på tiltakshavar sin eigedom og på naboeigedomane.

Vi ber difor om at tiltakshavar føretar nødvendige målingar og sender desse inn til kommunen. Klagarane kan gjere tilsvarende måling, om ønskjeleg.

På bakgrunn av det ovannemnde vil ikkje saka bli handsama politisk ved neste møte den 19.2.2019, som førespegla. Avhengig av målingane vil vi avgjere om klagene skal handsamast administrativt eller politisk. Viss saka skal til politisk handsaming i møte den 26.3.2019, må vi ha nødvendige målingar seinast innan **1.3.2019**. Viss dette ikkje er tilstrekkeleg tid for å avklare tilhøva er neste politiske møte den 7.5.2019. I så tilfelle må vi ha nødvendige målingar seinast innan **12.4.2019**.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Irmelin Maureen Palme Kårbø
Konrad Knut lo
Paul Vikebø
Trond Øyvind Palme Kårbø

Fløytingen 74 A 3514
Øvrebøen 13 5918
Stekkevikvegen 33 5917
Jonsokveien 3 3023

HØNEFOSS
FREKHAUG
ROSSLAND
DRAMMEN

Mottakere:

Io Marin Enk v/Konrad Io

Øvrebøen 13

5918

FREKHAUG